




Solund kommune

Plan for friluftslivets ferdsselsårer og ro- og padleruter

Plan for turstiar og -vegar, ro- og padleruter i heile Solund kommune



Bilete: Solnedgang frå Little Færøy, fotograf Anna Kobbeltvedt

Innhald

1. Innleiing.....	3
1.1 Mål for arbeidet	3
1.1.1 Effektmål	3
1.1.2 Resultatmål	3
1.2 Avgrensing av arbeidet	3
1.3 Organisering.....	3
1.4 Medverknad	5
1.5 Forankring	4
1.6 Nasjonale føringer.....	4
1.7 Definisjonar	4
1.8 Tilrettelegging av friluftsruter	5
1.9 Nettverk og samskaping.....	5
2 Kartlegging	6
2.1 Arbeidet steg for steg.....	6
2.2 Situasjonen i dag	6
2.2.1 Fotturar	7
2.2.2 Ro- og padleruter	7
2.2.3 Fjelltrimmen	7
2.2.4 Kulturvandring	8
2.2.5 Kystled.....	8
2.2.6 Sykkelruter	9
2.3 Kjelder i kartlegginga.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2.4 Vurdering av moglegheitane for å nå planen sine målsetjingar	9
2.5 Strategi reiseliv.....	9
2.6 Etterbruk	9
3 Resultat	9
3.1 Kartlagde ferdelsårer	9
3.2 Retningslinjer for etablering og drift av ferdelsårer	10
3.3 Ansvarsfordeling	11
4 Tiltak.....	13
4.1 Korleis skal planen følgjast opp?.....	13
4.2 Tiltaksplan	14
5 Vedlegg.....	14

1. Innleiing

Plan for friluftslivets ferdsselsårer hjelper Solund kommune til å identifisere, ta vare på og utvikle viktige stiar, turvegar, løyper og leier. Prosjektet skal samle inn kunnskap om eksisterande og potensielle og nye turruter på land, sjø og vatn. Planen gjev ei beskriving av situasjonen i dag, og legg fram tiltak for å ivareta og utvikle ferdsselsårer i tråd med mål som er sett for planarbeidet. Plan for friluftslivets ferdsselsårer gjev kommunen eit god kunnskapsgrunnlag og den kan brukast som eit verktøy for å forvalte ferdsselsårene på ein meir heilskapleg og berekraftig måte.

Idrettslag, turlag, grunneigarar, friluftsinteresserte og andre, har i samarbeid med kommunen gjort mykje for å legga til rette for friluftsliv opp igjennom åra. Turstiar og vegar er ein stor og viktig del av fritidstilbodet i kommunen. Arbeidet som er gjennomført med skilting og merking har gjort tilboden meir tilgjengeleg for både fastbuande og tilreisande. Dette er viktige bidrag som er med på å gjøre Solundsamfunnet til ein betre stad å leve og bu. Eit stort stykke arbeid er allereie gjort, men meir kan gjerast. Solund kommune sin plan for friluftslivets ferdsselsårer vil vere eit naudsynt verktøy for prioritering og utvikling av gode og varierte turruter for både innbyggjarar og turistar.

Fleire stiar kan skiltast og merkast, og treng meir tilrettelegging både i form av klopper, gjerdekliv og parkeringsmogleheter. Vedlikehaldsplanar og godt samarbeid med grunneigarar og frivillige lag og organisasjoner er viktig i det vidare arbeidet.

Solund kommune starta opp arbeidet med kartlegginga av friluftslivet sine ferdsselsårer i 2022.

Planen består av tre hovuddelar:

1. Ein tekstdel/beskriving av planen, der planen sine mål, hovudinnhald, verknader og hovudgrepa som skal gjerast for å nå måla.
2. Ein handlingsplan som syner korleis planen skal følgjast opp konkret, med prioriteringar, tiltak og ansvar.
3. Eit temakart som syner eksisterande og eventuelt planlagde og føreslegne ferdsselsårer og turruter.

1.1 Mål for arbeidet

1.1.1 Effektmål

Føremålet med plan for friluftslivets ferdsselsårar og ro- og padleruter er at den skal bidra til å:

- Auke kunnskapen om eksisterande og potensielle nye ferdsselsårar på land og til havs.
- Utvikle nye og gamle ferdsselsårar på ein berekraftig måte.
- Auke fysisk aktivitet og psykisk helse blant innbyggjarar og besøkande..
- Auke bustadsattraktivitet.
- Arbeidet skal føre til meir tilrettelegging der folk bur og dermed mindre miljøbelastning.
- Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdsselsårer.
- Auke tilgang til kulturminne

1.1.2 Resultatmål

- Retningsliner for etablering og drift av turstiar og ferdsselsårar.
- Framlegg til organisering, prioritering og ansvarsfordeling.
- Oppdaterte digitale kart
- Tiltaksplan for vedlikehald og vidareutvikling av ferdsselsårar i Solund.

1.2 Avgrensing av arbeidet

Plan for friluftslivets ferdsselsårar skal omhandle turstiar- og vegar, ro- og padleruter for heile Solund kommune.

1.3 Organisering

Solund kommune gjennomfører dei to prosjekta «Friluftslivets ferdsselsårar» og «Ro- og padleruter Vestland» parallelt, med same organisering, medverknadsprosess og tidsplan. Det vert løyste med ei felles økonomisk ramme.

Det er Solund kommune som eig planen og er prosjektleiar, medan det er Fjordane Friluftsråd som er fagkonsulent for arbeidet og som utarbeider plandokumenta. Arbeidet er gjennomført med tilskotsmidlar frå Vestland fylkeskommune.

Det vert nytta ei ressursgruppe i arbeidet som er sett saman av Ytre Sogn Turlag, Fjordkysten regional- og geopark, Visit Fjordkysten, Solund Idrettslag, Fjordane Friluftsråd og Solund kommune. Det vart gjennomført X møter i løpet av arbeidsperioden.

Styringsgruppe: Formannskapet

Prosjekteigar: Solund kommune v/ Jens-Eivind Kobbeltvedt

Prosjektleiar: Anne Kristine Dyrdal

Fagkonsulent: Anna Kobbeltvedt

Ressursgruppe intern: Trond Sæbø Skarpeteig, Anne Kari Reigstad, Kjartan Nyhammer og Anne Kristine Dyrdal.

Ressursgruppe ekstern: Solund idrettslag, Ytre Sogn Turlag, Fjordkysten regional- og geopark, Visit Fjordkysten, Fjordane Friluftsråd og Ytre Solund Idrettslag/ Solund kommune.

1.4 Forankring

Friluftslivets ferdsselsårar er ei naturleg vidareføring av arbeidet kommunen har gjort med kartlegging og verdsettinga av friluftsområde i 2018. Samstundes inkluderast det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper. Prosjektet er forankra i Handlingsplan for friluftsliv, 2018, og Stortingsmelding 18 (2015 – 2016): Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet, i tillegg til Solund kommune sin kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 – 2025.

Solund kommune sin plan for friluftslivets ferdsselsårer er ein temoplan utan juridisk eller økonomisk binding. Planen vert likevel rekna som eit innspel til økonomiplanen og legg føringar for bruk av ressursar knytt til friluftsliv.

1.5 Nasjonale føringar

Plan for friluftslivets ferdsselsårer er eit nasjonalt prosjekt som skal føre til betre planlegging for ferdsselsårer som vert nytta til rekreasjon og friluftsliv, til dømes turvegar, turstiar og turløyper. Målet med prosjektet å skapa eit verkemiddel for å identifisera, ta vare på og utvikla viktige stiar, turvegar og løyper i kommunen.

Friluftslivets ferdsselsårer har ein sentral plass i stortingsmelding 18

Friluftsliv - Naturen som kjelde til helse og livskvalitet; "Alle skal ha moglegheit til å drive med friluftsliv som ein positiv aktivitet for helse og trivsel".

Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for «Plan for friluftslivets ferdsselsårer» (M-1292). Denne rettleiaaren ligg til grunn for arbeidet.



Plan for friluftslivets ferdsselsårer



1.6 Definisjonar

Friluftsliv er opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

Trasé vert definert i denne samanheng som ein korridor i terrenget for både føreslegne, planlagde og eksisterande ferdsselsårer og turruter. Ein trasé har eit definert start- og slutt punkt.

Ferdsselsårer er traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leiene for ferdsel på vatn og over brear. Ulike ferdsselsårer:

- **Sti** er eit tydeleg, smalt og samanhengande trakk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.
- **Turveg** er ein opparbeidd og samanhengande ferdsselsåre med jamn og fastoppdekke med minst 1,2 m breidde.
- **Lei** er ferdsselsårer på vatn og over brear.

Turruter er skilta, merka og kartfesta traséar for ferdsel i den sesongen som er aktuell for bruk.

Turforslag er ein anbefalt tur som vert formidla i ulike turportalar, informasjonsbrosjyrar, turkart og gjennom munnleg overlevering.

Målpunkt både stadar der det er naturleg å starte og avslutte på ei ferdselsåre. Det kan vere attraksjonar eller stader som motivere til bruk av dei. Dømee kan vere haldeplass for offentleg transport, innfallsportar, parkeringsplassar, utsiktspunkt, serveringsstadar, skular/barnehagar og kulturminne.

Eksisterande ferdselsåre finnast i dag og ligg i tur- og friluftsroutebasen.

Planlagt ferdselsåre er ferdig avklart med grunneigar/-ane og klar for realisering, i tillegg skal det leggast inn i tur- og friluftsroutebasen.

Foreslått ferdselsåre manglar heilt eller delvis avklaring med grunneigar/-ane, desse skal ikkje leggast inn i tur- og friluftsroutebasen eller vere offentleg anna enn ved høyring til planen.

Forgreiningstrasé bind saman hovudtraséane.

Matetrasé går frå hovud- og forgreiningstraséane ut til for eksempel eit målpunkt.

1.7 Medverknad

Oppstart av planarbeidet vart vedteke i for-sak 091/20 og kunngjort på kommunen si heimeside, Solund Nyheter og på e-post til relevante lag, organisasjonar og institusjonar. Innhaldet i kunngjeringa gav ei forklaring av kva målet og gangen i arbeidet. I den første opne høyringa av den store medverknadsprosessen i Solund kommune hausten 2022, vart det gått ut med ei opa høyring. Då vart det etterspurt kvar folk går på tur, padlar, nye ruter og turstiar, prioriteringar og interesse for å gjere dugnadsarbeid. I høyringsprosessen var alle invitert til å kome med innspel.

Under kartlegginga av no-situasjonen vart besøksstatistikk, lokalkunnskap i ressursgruppa og andre og arbeidet med kartlegging og verdsettinga av friluftsområde lagt til grunn, saman med anna relevant kunnskapsgrunnlag. Aktuelle organisasjonar vart kontakta for å kome med innspel.

Tiltaksplanen vart vurdert i dialog med dei involverte i kartlegginga av no-situasjonen. Grunneigarar og interessentar som vert påverka av tiltak vart gitt høve til å delta i arbeidet. Høyringa var lagt ut på kommunen sine heimesider og det vart arrangert innspelsmøte i kommunesenteret, Hardbakke.

Andre høyring vert gjennomført i juni 2024.

1.8 Tilrettelegging av friluftsrouter

Forsking viser at folk er vesentleg meir aktive med friluftsliv dersom dei har tilgang til turstiar i nærområdet der dei bur. Ferdselsårer og turmål gjer også bustadområde meir attraktiv og kan auke bulyst. Tilrettelagde ferdselsårer og friluftsområde bidreg til at fleire kan koma seg ut på tur nærmare der ei bur.

1.9 Nettverk og samskaping

Betre nettverk og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med friluftslivet sine ferdselsårer i kommunen er avgjerande for å fremja friluftslivet i Solund kommune. Idrettsлага og turlaga har lange tradisjonar med å leggja til rette for fjelltrimpistar, og tiltaka har stor oppslutning. Bygdelag, idrettsлага, turlag, grunneigarar, friluftsinteresserte og andre bidreg med tilrettelegging som er med på å gjere Solundsamfunnet til ein betre stad å leve og bu.



2 Kartlegging

2.1 Arbeidet steg for steg

STEG 1: OPPSTART

- a. Forankring/vedtak om oppstart
- b. Utarbeide prosjektplan
- c. Oppstart av prosjektgruppa og annonsering

STEG 2: KARTLEGG NÅ-STATUS

- a. Kartlegge ferdelsårer, turruter og målpunkt
- b. Supplere kartlegging ved involvering av eksterne
- c. Registrere traséer og målpunkt relevant for arbeidet
- d. Innhente annen relevant informasjon

STEG 3: ANALYSERE OG VURDERE TILTAK

- a. Kvalitetssikre mål
- b. Analysere avvik mellom nå-situasjon og mål
- c. Foreslå tiltak
- d. Registrere foreslalte tiltak
- e. Vurdere foreslalte tiltak opp mot andre forhold
- f. Analysere tiltak opp mot mål
- g. Vekte og prioritere opp mot måloppnåelse

STEG 4: SAMMENSTILLING OG VEDTAK

- a. Sammenstille planen
- b. Høring
- c. Vedtak av planen

Bilete: Utklipp frå M-1292 Plan for friluftslivets ferdelsårer s. 7

2.2 Situasjonen i dag

Solund kommune ligg heilt vest i havgapet og er eit eldorado for turar på land og til sjøs. Solund er eit ypparleg reisemål for alle som ser etter spennande naturopplevingar. Solund kommune er ein øykommune der tilknytinga til fastlandet er via ferjesambandet Rysjedalsvika-Rutledal-Losna-Krakhella. Det er også mogleg å komme her ved å nytte ekspressbåten som går mellom Bergen og Selje. Solund kommune er delt i tre hovudøyene. Losna, Sula og Ytre Sula. Mellom desse hovudøyene må ein ta ferje. I perioden denne planen er utarbeida vert det bygga vegnett mellom Sula og Ytre Sula.

Hardbakke er kommunesenteret i Solund, der bur bortimot halvparten av alle dei omlag 750 innbyggjarane i kommunen. For utanom Hardbakke er det eit spreidd busetnadsmönster med små tettstader og grender i kommunen, det gjer at alle i kommunen har god tilgang på natur og friluftsmoglegheiter.

Tilrettelegging, skilting og merking av turstiar i kommunen er gjort gjennom fleire prosjekt: Kystarven, Kystleden- og Turskiltprosjektet. Frivilligheita i Solund har bidrege mykje til at det er merka og skilta i kommunen.

Kartlegginga av no-situasjonen skal samle inn kunnskap om eksisterande og potensielle nye ruter på land og hav. Det er tatt utgangspunkt i desse kjeldene:

- Eksisterande ferdelsårer i Nasjonal base for Tur- og friluftsruter
- Ferdelsårer som er skilta og merka.

- Ferdelsårer som ikkje er skilta og merka, men som er mykje brukt.
- Målpunkt som er relevant for måloppnåing og for ferdelsårene som skal kartleggast.
- Eksisterande grunneigaravtalar med innteikning i kart.
- Opptur: Ytre Sogn og Fjordane, år 2020.
- Til fots i Solund, år 1998.
- Turstiar og løyper på www.ut.no.
- Innspel frå høyringane.
- GPS-spor frå Strava.
- GPS-spor frå sportsklokker.

2.2.1 Fotturar

I Ytre Sula er mange stiar allereie kartlagt og kartfesta, dette gjeld også Losna og kring Hardbakke. Det finnast mange eksisterande ferdelsårer og turstiar som ikkje er tilgjengeleg i kart, verken på nett og eller i turbøker. Dette kan ha samanheng med manglande skriftlege grunneigaravtalar. Det er eit stort utval ferdelsårer i Solund, godt synlege og opptråka stiar som er lett å gå, men som ikkje er skilta eller merka. På den andre sida finnast det stiar med skilt og merking som er meir utfordrande å følgje fordi det merkinga er vanskeleg å sjå eller for langt ifrå kvarandre. Underlaget i Solund består av mykje berg og stein, noko som kan føre til at ein er meir avhengig av tydeleg merking av stien på bergparti, til dømes vardar.

I 2020 kom boka Opptur Ytre Sogn og Fjordane. Denne boka skildrar 14 fotturar i Solund. Av desse ligg 9 turar tilgjengeleg i digitalt kart, medan 5 turar manglar.

2.2.2 Ro- og padleruter


Solund er eit eldorado for padlarar med mange øyar, holmar og skjær. Nokre forslag til ro- og padleruter har vore tilgjengeleg på UT.no, forutan desse er ro- og padlealternativ i kommunen ikkje systematisk kartlagt. I prosjektet er det kartlagt 34 ro- og padleruter i Solund kommune. Nokre av desse kom inn som innspel, medan andre har vorte til i dialog med padlarar som er kjend i Solund. Det har vore eit fokus på padleruter som går frå dei tre startpunktene for ro- og padleruter i Solund kommune. Startpunktene er Hardbakke hamn, Steinsund Marinesenter og Fleirbrukshuset i Straumen.




Foto: Anna Kobbeltvedt

2.2.3 Fjelltrimmen

I Sula er Solund Idrettslag arrangør for fjelltrimmen. Konkuransen går frå 01. oktober til 30. september og ein kan velje mellom 26 ulike turar. Ein samlar poeng ved å skrive seg inn i turboka ved turmålet og turane registrerast på eige skjema og leverast inn på slutten av fjelltrim året. Når fjelltrimåret er avslutta vert det premiering av deltakarar ut i frå klassar, etter alder og kjønn. Fjelltrimåret 2022-2023 vart det registrert 7867 unike turar.



13 minst besøkte SIL-fjelltrimpistar 2022-23



I Ytre Sula er Ytre Solund Idrettslag arrangør for fjelltrimmen. Det er 9 turpostar med poengskala frå 25-100 poeng for kvar post. Fjelltrimåret går frå 1. jan til 31. des. Det er postkassar på alle turmåla og rutene er merka passande til lokalbefolkinga. Alle turmåla er skilta ved vegen. Ved avslutta fjelltrimår vert det premiering av deltakarane. Samla er det om lag 2000 besøk på turpostane i Ytre Sula i løpet av eitt år, der det er om lag 600 besøk på det Søre Sperrefjellet, og om lag 300 besøk på Håfjellet. Det er færrest besøk i Plantefeltet.

2.2.4 Snarvegar

Snarvegar er viktig for å auke kvardagsaktivitet og er difor inkludert i kartlegginga. Det kan føre til meir synleggjering av eksisterande snarvegar der folk bur, oppfordre innbyggjarane til å informere om fleire snarvegar, i tillegg til å auke bruken av snarvegane. Snarvegar kan gjere turen frå A til B kortare og bidra til å senke terskelen for å ta beina fatt eller sykle til skule, arbeid, butikk, buss eller fritidsaktivitet.

2.2.5 Kulturvandring

Opplev dei historiske stadane langs Hardbakke gjennom sjølvguida vandreturar. Dette er ein lett kulturvandring der du i tillegg til naturoppleving får ei formidling gjennom tekst. Du finn 18 pinnar med tekst. Turen startar frå hamna i Hardbakke. Du går forbi næringsbygget og vidare opp mot arboretet før du går ned mot hamna igjen. Kart over løypa finn ein på turistinformasjonen. Kulturvandring er planlagt oppgradert med tilrettelegging og skilting.

2.2.6 Kystled

Kystled Solund vart opna i august 2014. På Little Færøyna er det tilrettelagt med kystlednaust, kai, do, tørkerom og teltplass. Naustet er utstyrt med to tradisjonelle færingar, bruksbåtar som var i bruk i Solund tidlegare. Kystled Solund strekkjer seg frå Little Færøyna til Råkeneset, 5 km nord for Hardbakke.

Råkeneset er den vestlegaste DNT-hytta i landet og er freda etter kulturminnelova. Det tek 15 minutt å gå til hytta frå vegen mot Strand. Hytta vert driven av Ytre Sogn Turlag og er ubetent, dvs. utan proviant, men med gass og ved. Råkeneset er ein gammal husmannsplass og det gamle naustet har plass til kystledbåtane. Ved å vitja staden og overnatta kan ein få ei kjensle av korleis livet må ha vore på Råkeneset. For å ta vare på dette miljøet er heile Råkeneset, med stovehus, naust og kulturlandskap ikring, freda. Det stiller sjølvsagt krav til dei som kjem hit om å bruke husa og staden varsamt.




Foto: Råkeneset Fotograf: Lillian Herland / Ytre Sogn Turlag

2.2.7 Sykkelruter

I Solund kommune føreligg det ikkje andre sykkelruter enn dei som vert nytta langs fylkes- og kommunal veg. Sykkelruter har ikkje vore inkludert i planarbeidet.

2.3 Vurdering av moglegheitene for å nå planen sine målsetjingar

Realisering av planen er avhengig av at den vert innarbeida i kommunen si drift. Planen avhenger også av grunneigarar, mykje frivillig innsats og vil ha ei kostnad. Ingen turruter kan etablerast utan skriftleg avtale med grunneigar. Skal nye føreslegne ruter etablerast i samband med friluftslivets ferdsselsårer eller ro- og padleruter er vi avhengige av godkjenning frå grunneigar. Kommunen nyttar ein standard turstavtale som er utarbeidd nasjonalt og sikrar alle partar sine interesser. Kommunen kan vurdere å nytta §35 i friluftslova dersom avtale med grunneigar ikkje kan oppnåast og behovet for turruta vert vurdert som viktig samfunnsmessig, men det er ikkje ynskjeleg å bruke denne moglegheita.

Vedlikehald av prioriterte stiar, bruk av parkeringsplassar og tilgang til startpunkt for ro- og padleruter er sikra gjennom samarbeidsavtalar med organisasjonar, lag og grunneigar/-ar. Moglegheit for å skilte og merke stiar er sikra gjennom grunneigaravtalar. For å nå planen sine målsetjingar er vi avhengig av positive og velvillige grunneigarar og eit engasjert frivillig bygdesamfunn. Dei fleste tiltaka knytt til planen er avhengig av lokalt engasjement og frivilligheita for å realiserast.

2.5 Strategi reiseliv

Solund kommune arrangerer reiselivsforum med jamne mellomrom. Reiselivsforumet er eit forum for reiselivsbedrifter, bedrifter som arbeider perifert med besøkande og andre interesserte. Her vert det diskutert saker som tilrettelegging, koordinering av tenester og evaluering av sesongen. Forumet er ope for alle og er koordinert av Solund kommune. Per tida går invitasjonen til forumet ut til om lag femti personar/bedrifter, det er høve til å delta digitalt. Det har vore gjennomført X antal reiselivsforum i perioden ein har arbeidd med prosjektet for friluftslivets ferdsselsårer og ro- og padleruter. Det kjem fram på desse møta at det kjem til å komme fleire besøkande til Solund, og det er eit sterkt ynskje om meir skilting av stader og aktivitetar. Solund kommune er framleis i ein startfase for å etablere besøksstrategi eller liknande.

2.6 Etterbruk

Planen gjev ei oversikt over stiar og løyper som eksisterer, bidreg til tilrettelegging for nærturar og til å kanalisera ferdsel av omsyn til sårbart naturmangfald. Planen kan vera grunnlag for utarbeiding av nytt eller revidert turkart med oversikt over stiar i heile kommunen. Planen gjev vidare grunnlaget for prioritering av ferdsselsårer og friluftsområde ein ynskjer å vidareutvikle eller etablere. Planen vil også gje eit betre grunnlag for søknadar om ekstern finansiering.

3 Resultat

3.1 Kartlagde ferdsselsårer

Solund kommune har kartlagd 140 ferdsselsårer, 104 på land og 36 på havet. Ferdsselsårene på land er kategorisert i A-, B-, C-, D- og E-stiar. Kategoriene er knytt til ulike eigenskapar som seier om dei er prioriterte eller ikkje. A-stiane er prioritert først, medan E-stiane vert ikkje prioritert. Nokre av dei kartlagde ferdsselsårene er ikkje inkludert i desse kategoriene. Dette kan vere fordi dei ikkje eksisterer i dag og må etablerast, eller fordi ein ikkje ynskjer å fremje turforslaget. Denne prioriteringa gjeld for prioriteringa av arbeid med stiane, og bruk av utstyr og økonomiske midlar, i regi av Solund kommune / Fjordane Friluftsråd.

A-stiar: Prioriterte

Stiar som Solund kommune har grunneigaravtalar på og som er prioriterte ut i frå spreiing i kommunen og nærleik til der folk bur. Desse stiane skal ha så god merking at alle kan finne vegen. Tiltak på desse stiane skal vere gjennomført før det vert gjort tiltak i Solund kommune / Fjordane Friluftsråd regi på B- og C-stiar, dette gjeld også utlån av utstyr og dekking av vedlikehaldskostnader. Vedlikehaldsansvarleg skal vere på plass for alle A-stiane før B-stiane vert prioritert.

B-stiar

Stiar som Solund kommune har grunneigaravtalar på, som ikkje er prioriterte, og i tillegg vert nytta i

fjelltrimsamanheng eller har vedlikehaldsansvarleg. Nokre unntak grunna naturmangfald. Tiltak på desse stiane skal vere gjennomført før det vert gjort tiltak frå kommunal regi eller av Fjordane Friluftsråd på C-stiar. Dette gjeld også utlån av utstyr og dekking av vedlikehaldskostnader. Vedlikehaldsansvarleg skal vere på plass for alle B-stiane før C-stiane vert prioritert.

C-stiar

Stiar som Solund kommune ikkje har grunneigaravtalar på, som ikkje er prioriterte, men vert nytta i fjelltrimsamanheng. Nokre unntak grunna naturmangfald. Grunneigaravtalar må føreligge før det kan gjerast noko med desse. Når grunneigaravtale føreligg, vert desse automatisk klassifisert som B-stiar. Vedlikehaldsansvarleg skal vere på plass for alle C-stiane før D-stiane vert prioritert.

D-stiar

Stiar som Solund kommune har grunneigaravtalar på, som ikkje er prioriterte, og som ikkje vert nytta i fjelltrimsamanheng. Nokre unntak grunna naturmangfald. Vedlikehaldsansvarleg må føreligge før det kan gjerast noko med desse. Når det føreligg vedlikehaldsansvarleg kan desse klassifisert som B-stiar. Vedlikehaldsansvarleg skal vere på plass for alle D-stiane før E-stiane vert prioritert.

E-stiar

Stiar som Solund kommune ikkje har grunneigaravtalar på, som ikkje er prioriterte, og som ikkje vert nytta i fjelltrimsamanheng. Kan merkast m.m i privat regi.

Fotturar	Antal
A-stiar	10
B-stiar	19
C-stiar	17
D-stiar	9
E- stiar	49
Ro- og padleruter	Antal
Enkle	10
Middels	4
Krevjande	12
Ikkje gradert	10

Alle dei kartlagde rutene vil vere synlege på kommunekart.no.

3.2 Retningslinjer for etablering og drift av ferdsselsårer

I samband med plan for friluftslivets ferdsselsårer og ro- og padleruter er det utarbeidd retningslinjer for etablering og drift av ferdsselsårer. Dette skal sikre ein gjennomgåande standard på turmogleheitene og ivareta ulike interesser. Retningslinjene er utarbeida med bakgrunn i Merkehandboka.

Etablering:

- Alle foreslått og **planlagde** turruter skal ha skriftleg grunneigaravtale/-ar før etablering, tilrettelegging og vedlikehald.
- Alle turruter skal ha ein kommune, organisasjon, lag eller privatperson som vedlikehaldsansvarleg.
- For nye turruter skal vedlikehaldsansvarleg vere på plass før ein begynn planlegginga med etablering eller drift av ferdsselsåra.
- Detaljplanlegging av ferdsselsåre. Kvar ruta skal gå, behovsvurdere for rydding av sti, tilretteleggingstiltak, skilting og informasjonstavler.
- Traséval ved nye turruter. Etablering av nye turruter bør vurderast grundig. Det bør leggast vekt på opplevingskvalitetar og om vegetasjonen toler ferdselet. Fleire alternative turruter bør testast ut og ein må legge vekt på å unngå farlege stader.
- Ved etablering av turruter på gamle ferdsselsårer, er det viktig at ein ikkje øydelegg eller forringar kulturminna. Husk at vegen i seg sjølv er et kulturminne, og at det kan knytast mykje kulturhistorie til den.
- Turruta kan fastslåast først etter at ein har fått oversikt over heile turruta. Det kan vere naudsynt å gå turruta fleire gonger før ein skilar, vardar og merkar turruta.
- Når ein har fått oversikt over turruta kan den GPS-sporast for dei neste planleggingstrinna.

9. Konkret plan for behov av tilrettelegging, merking og skilting.
10. Tilrettelegging, skilting og merking av turruter etter merkehandboka. Inngrep skal ikkje vere større enn det som vert til å vere naudsynt i det enkelte området.

Drift:

1. Alle eksisterande turruter skal ha skriftleg grunneigaravtale/-ar før ein startar med tilrettelegging og vedlikehald.
2. All drift av turruter skal ha ein kommune, organisasjon, lag eller privatperson som vedlikehaldsansvarleg.
3. Detaljplanlegging av ferdsselsåre. Behovsvurdere rydding av sti, merking og skilting av sti. I tillegg til behovsvurdering av tilretteleggingstiltak, endring av traséen og informasjonstavler.
4. Tilrettelegging, skilting og merking av turruter etter merkehandboka.
5. Turruta skal behovsvurderast for vedlikehald to gonger i året, vår og haust.

3.3 Målpunkt

Tabellen nedanfor synleggjer kartlagde målpunkt, definisjonen av eit målpunkt finn du på side 5.

Rastepllass (9):

- Sognesjøhytta
- Draumepllassen gapahuk
- Kvilebenkar Arboretet
- Krakhella ferjekai
- Næringsenteret
- Superhemmeleg utsiktsbenk
- Grindbygg Hardbakke hamn
- Grindbygg Straumen
- Draumeparken discgolf



Foto: Lillian Herland / Fjordkysten

Aktivitetsområde (43):

- ☒ Solund Treningssenter
- ☒ Idrettsbana i Storehaugen
- ☒ Klatre park v/ idrettsbana
- ☒ Solund barne- og ungdomsskule
- ☒ Solund Barnehage
- ☒ Eide: fotballbane, badestrond, bordtennis.
- ☒ Hardbakke hamn, badestrond
- ☒ Klatrefelt Nessa
- ☒ Klatrefelt Kystarboretet
- ☒ Fjelltrimpost Stokkevåg
- ☒ Fjelltrimpost Sognesjøhytta
- ☒ Fjelltrimpost På veg til Sognesjøhytta
- ☒ Fjelltrimpost Ramnenipa
- ☒ Fjelltrimpost Råke
- ☒ Fjelltrimpost Oddenova
- ☒ Fjelltrimpost Rånekletten
- ☒ Fjelltrimpost Hammarstakken
- ☒ Fjelltrimpost Vardefjellet
- ☒ Fjelltrimpost Hellelinipa
- ☒ Fjelltrimpost Fonnaheia
- ☒ Fjelltrimpost Karihåjen
- ☒ Fjelltrimpost Pollatinden
- ☒ Fjelltrimpost Husefjellet i Nessa
- ☒ Fjelltrimpost Salane
- ☒ Fjelltrimpost Dumbetinden
- ☒ Fjelltrimpost Krakhellenipa
- ☒ Fjelltrimpost Hamnafjellet
- ☒ Fjelltrimpost Husefjellet i Hersvik
- ☒ Fjelltrimpost Urdanipa
- ☒ Fjelltrimpost Espa
- ☒ Fjelltrimpost Buskøygavlen
- ☒ Fjelltrimpost Stigfjellet
- ☒ Fjelltrimpost Håfjellet
- ☒ Fjelltrimpost Dynga
- ☒ Fjelltrimpost Rongsneset
- ☒ Fjelltrimpost Hellevikhammaren
- ☒ Fjelltrimpost Kyrkjevegen
- ☒ Fjelltrimpost Plantefeltet
- ☒ Fjelltrimpost Sperrefjellet Sør
- ☒ Fjelltrimpost Sperrefjellet Nord
- ☒ Fjelltrimpost Varden
- ☒ Sandpøyla badepllass
- ☒ Draumeparken discgolf




Foto: Lillian Herland / Fjordkysten



Foto: Visit FjordKysten og Sunnfjord

Overnatting (11):

- Kverhella Hytter
- Solund Gjestegaard
- Solund Leilighetshotell
- Råkeneset DNT-hytte
- Kalgraft ferie og fritid
- Grendahuset – camping
- Solund Rorbuferie
- Steinsund Marinesenter
- Gåsvær Fiskeferie
- Kystlednaustet på Little Færøy
- Refsøen Camping



Foto: Visit Fjordkysten og Sunnfjord

Parkering (15):

- Hardbakke hamn
- Solund Treningssenter
- Tikroningen
- Råkeneset
- Strembeneset
- Krakhella Ferjekai
- Solund Næringscenter
- Solund leilighetshotell
- Idrettsbygget, Hardbakke
- Solund kyrkje
- Nord Solund Bygdetun
- Solund Grendahus
- Steinsund Marinesenter
- Hawkraa
- Eide, ved sandstrand



Foto: Lillian Herland

3.4 Ansvarsfordeling

For dei 10 prioriterte A-stiane er det gjort samarbeidsavtalar for vedlikehald med Solund Idrettslag og Ytre Sogn Turlag. Begge organisasjonane har ansvar for vedlikehald på 5 stiar kvar. A-stiane er: Stigfjellet, Krakhellenipa, Urdanipa, Husefjellet i Nessa frå Eide, Pollatinden, Sognesjøhytta, Hammarstakken, Ramnenipa opp frå sør, Håfjellet og Sperrefjellet.

Vedlikehald av dei resterande stiane som har grunneigaravtale er ein avhengig av lokalt engasjement og frivilligheita for å vedlikehalde.

4 Tiltak

4.1 Korleis skal planen følgjast opp?

Solund kommune har skrive ein samarbeidsavtale med Fjordane Friluftsråd i forbindelse med prosjekta «Friluftslivets ferdelsårer» og «Ro- og padleruter i Vestland». Dette inneberer at Fjordane Friluftsråd skal sikre gjennomføring av tiltaksplanen, både mot frivilligheita og Solund kommune. I tillegg skal Fjordane Friluftsråd følge opp oppdateringa av turforslag på UT.no i samarbeid med Ytre Sogn Turlag, følge opp samarbeidsavtalar med frivilligheita, oppfølging av avtalar med grunneigarar på områder med tiltak og overnattingsstader, instruere frivilligheita i merkehandboka sin standard på tiltak, opplæring i bruk og administrere utlån av merke- og ryddeutstyr.

Når det gjeld fysiske tiltak på ulike ferdelsårer er det likevel berre der frivillige ynskjer å ta på seg arbeidet med tilrettelegging av turstiar at tiltaka som er lista i vedlegg 1 kan gjennomførast. Frivillige som gjennomfører desse tiltaka kan vere organisasjonar og lag, privatpersonar og grunneigarar m.m. Idrettslag, turlag, bygdelag, grunneigarlag og eldsjeler gjer ein verdfull innsats ved både opparbeiding og vedlikehald av løpenettet i kommunen. Det er viktig å ta vare på samarbeidet og utvikla dette vidare i planperioden.

Nokre tilretteleggingstiltak er av ein slik storleik og type at det er naturleg at Solund kommune tar på seg ansvaret som tiltakshavar. Dette gjeld større arbeid med klopper og steinlegging, etablering av nye stiar som ikkje kan løysast av frivilligheita, etablering av parkeringsareal, teltplassar, gapahukar, osv. som ikkje kan løysast av frivilligheita.

Det er berre der det føreligg avtale med grunneigar ein kan utføre tiltak på ein eigedom, utover det som er lov etter allemannsretten. Sjølv om eit behov for tiltak eller utbetring er nemnd i planen, vil det berre verte utført dersom grunneigar samtykkjer og det er frivillige ressursar til å gjennomføre det.

Det er berre turstiar med grunneigaravtale som kjem til å vere synleg i tur- og friluftrutebasen.

4.2 Tiltaksplan

Ut i frå nye målpunkt, nye traséar, fysiske tiltak i traséane, merking og skilting, informasjon og marknadsføring, leggast det fram forslag til tiltak. Det er utarbeidd ei prioritert liste over tiltak som skal gjennomførast for å nå måla som er sett for prosjektet. Tiltakslista gjev ei oversikt over behov ut i frå situasjonen i dag. Tiltaka er prioritert frå 1 til 3, der 1 er svært viktig, 2 er viktig og 3 er mindre viktig å gjennomføre. Tiltaksliste ligg i handlingsplanen som vedlegg 1.

5 Vedlegg

Vedlegg 1: Tiltaksplan for ferdselsårer i Solund kommune

Lenke 1: [Kommunekart.no](#) over kartlagde ferdselsårer i Solund kommune

Arbeidet er gjennomført med tilskot frå Vestland fylkeskommune.



